

Sak 46-22 Likviditet og løyve til låneopptak 2023

Tilråding til vedtak:

1. Styret viser til vedtak i sak 31-22, der det vart gitt fullmakt til styreleiar og dagleg leiar til å ta opp likviditetslån i tråd med §12 i selskapsavtalen. Styret opprettheld dette vedtaket.
2. Representantskapet har i sak 12-22 godkjent gebyrfinansierte låneopptak knytt til investeringar i utstyr på til saman 8,5 mill.kr, innanfor ramma i selskapsavtalen § 12. Styret vedtek å gjennomføre dette låneopptaket for 2023, i tråd med representantskapet sitt vedtak. Gjennomføring av låneopptaket føreset at VØR sitt budsjett for 2023 vert godkjent av eigarkommunane.
3. Styret delegerer til styreleiar og dagleg leiar å gjennomføre låneopptaket, basert på beste tilbod frå dei spurde tilbodsgjevarane.

Saksutgreiing:

I sak 31-22 la dåverande dagleg leiar fram ein gjennomgang av likviditetssituasjonen til VØR, både på kort og lenger sikt. Gebyrinntektene utgjer over 75% av VØR sine inntekter, og det at dei vert fakturerte berre to gangar i året, medfører eit visst behov for likviditetsstyring. I 2021 og 2022 har det vore ein ekstraordinær situasjon for selskapet, i hovudsak på grunn av bygginga av anlegget på Melsgjerdet og det det har medført av kostnader. Det er lagt til rette for at abonnentar kan velje månadsfakturering, men denne ordninga er ikkje marknadsført. Per i dag har berre kring 1% av abonnentane månadsfakturering. Det å få fleire til å velje denne ordninga vil på lenger sikt vere eitt av fleire tiltak som kan betre tilgangen på likviditet gjennom året. På kort sikt er det no naudsynt å ta opp likviditetslån, slik at selskapet har ein ryddig likviditet utover i 2023.

Det vedlagde oversynet viser kva lån VØR har per i dag, rentevilkår og betalingsplan. Dette oversynet er henta frå grunnlaget til 2023-budsjettet. VØR skal no førebu låneopptak for 2023 for utbetaling i februar. VØR har i 2022 inngått avtale om kjøp av hjullastar til kr 2,9 mill kr og denne vert levert kring mars 2023. Det er også inngått avtale om kjøp av fire kjeldesorteringsanlegg for fritidshus til kr 1,34 mill kr, og desse vert etter planen leverte i mai-juni 2023. For finansiering av begge desse tiltaka trengs det tilføring av likviditet.

Vedteke låneopptak på kr 8,5 mill. er innarbeidd i Økonomiplan 2023-25, som vart vedteken av Representantskapet i sak 10-22. Midlane vil verte nytta i samsvar med formålet.

Det vil verte innhenta tilbod på ulike alternativ iht rente, og det vert henta tilbod frå begge dei to aktuelle aktørane; KLP og Kommunalbanken.

For å kunne ta opp lån, må styret gjere dette vedtaket jfr. vedtektene § 9. 7. ledd.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- styresak 31-22, utskrift frå møtebok
- Oversyn over VØR sine lån

Sak 31-22 Likviditetsstyring

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner at styrets leiar og dagleg leiar tek opp likviditetslån i tråd med § 12 i selskapsavtalen.

Saksutgreiing

I strategi og økonomiplan er det lagt opp til å vidareføre VØR sin finansiering av driftsmiddel. Den går i korte trekk ut på å finansiere bygg og driftsmiddel som er monterte fast eller har levetid 10 år eller meir, med langsiktige lån. Bilar blir leasa.

Leasing sikrar at bilane vert skifta ut regelmessig, og det forenkler vedlikehaldet av bilane i høve Lov om offentlege anskaffingar. Kjøp og vedlikehaldsavtale vert konkurransesett samla. Vedlikehaldsavtalar på bilane utover leasingperiode på 7 år, syner seg å vere vanskeleg å få avtalar på. På dette området tilrår eg ikkje endringar.

Denne saka handlar om vår kortsiktige finansiering/ likviditet, som eg rår til vert lagt om.

Likviditetsstyring

Eit viktig punkt i likviditetsstyringa er å følgje tett opp debitormassen. Vi har ikkje fått purra enno, men ifølgje rekneskapen pr 30.04 2021 samanlikna med 30.04.2022 ligg vi langt betre an i 2022 enn i fjor. Der er såleis lite å hente. Kto 1500 syner 1.180.985,- i 2022 mot 2.652.306,- i 2021.

VØR fakturerer abonnement to gangar pr år. I år for kr 22.042.905,- inkl. mva. pr termin. Rett etter forfall 1 mars og 1 oktober har vi mykje pengar på konto, og så minkar det framover til ny fakturering 1 februar og 1 september. Frå midten av april tom midten av oktober har vi høgge kostnader enn vintermånadane grunna større aktivitet og meir avfall som må ut.

Fram til i år har vi lagt opp til å ha likviditet for heile terminen. Etter som åra går og inntektene aukar, vert det større og større tal og dei binder mykje kapital på låg rente.

Når ein driv med slike summar, burde vi ideelt sett ha ressursar i administrasjon som plassera overskotslikviditet i gråmarknaden tidleg i perioden, og så må denne vere så likvid at ein får den ut att i slutten av perioden. Slik praksis har vi ikkje ressursar, kompetanse eller fullmakter til. Det må ein vurdere i samband med organisasjonsendringar det komande året. Poenget mitt er å opplyse styret om at finansiering av drift ikkje er optimalt. Vi bør vurdere å få meir ut av finansressursane våre.

Eit alternativ til dagens praksis, er å finansiere «botnen», 1- 2 månader med kassakredittlån. Såleis kan ein frigjere kapital til investeringsformål.

Vi gjorde det slik i mange år på 2000 talet, men det fall bort når vi skifta bank.

No er vi i ein situasjon der vi må vurdere korleis få inn meir kortsiktig kapital, og då peikar dette seg ut.

Faktisk situasjon perioden juli- september 2022

Eg ser ei utfordring med juli-august 2022. Teoretisk skal vi greie det, men det er ferietid og ein må vere budd på hendingar som ein ikkje greier å sjå i dag. Det er ikkje alt som kan planleggast. Vi har opplevd bilhavari om sommaren før. Då måtte vi kjøpe bruktbil raskt.

I juli - august verkar fem faktorar inn på same tid.

1. Slamminnsamlinga juni har forfall i juli. VØR forskoterar kostnaden med slamminnsamlinga, og tar betalt med abonnentane over 18 månader etterskotsvis. Slamminnsamling vil iflg prognose koste oss i underkant av 4,0 mill kr i 2022, med største utbetalingane i juni og juli.
2. Drifta vår genererer kr 4.225' i kostnader pr mnd. i gjennomsnitt i sommarhalvåret
3. I juli er det forfall på siste del av utbygginga på Melsgjerdet.
4. Vi fakturerer ca.1 september for 2 termin som går frå 1 juli til 31 desember. Det inneber at driftskonto er absolutt mest utnytta slutten av august / tidleg i september.
5. Mva for dei store utbetalingane i mai og juni knytt til Melsgjerdet får vi i næringslivet tilbake, men ikkje før mva perioden er omme. Normalt 40 dagar etter siste dag i perioden. Men grunna ferie i juli blir mva utbetalinga rundt månedsskiftet august / september for akkurat denne terminen. Dette stressar likviditeten ytterlegare i 21 dagar.

Slik reknearkmodellen vår syner, har vi ein teoretisk underbalanse frå slutten av juli på om lag 0,75 mill, veksande fram til månedsskiftet august / september til kr 5 mill. kr. Akkurat over månedsskiftet får vi tilbake mva frå dei store utbetalingane i mai/ juni og er i balanse igjen. Mitt råd er derfor å rå til å ta opp kassakredittlån slik at vi sikrar oss mot å gå tom for likviditet. Og dette må vere på plass før vi går i ferie.

Låneramme

Ifølgje selskapsavtalen til VØR kan vi ta opp kassakredittlån inntil kr 10 mill. Det tilsvarar drifta vår i to månader.

Eg har bedt vår bank om eit tilbod, og håper det ligg føre til styremøtet.

Mvh
Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Oversikt lån - Volda og Ørsta Reinhaldsverk

VÅR	OPPTAK	ÅR	OPPR. LÅN	VILKÅR	REST 1/1 -23	RENTE%	AVD/TER
Kto.nr	ÅR/ DATO						
Kto.nr	ÅR/ DATO	ÅR	OPPR. LÅN	VILKÅR	REST 1/1 -23	RENTE%	AVD/TER
2233	01.01.2020	20,5	60 600 000	Flyt	51 731 712	4,50	739 024
2234	01.01.2019	8,8	11 300 000	Flyt	6 457 100	4,50	322 860
2235	30.05.2017	20,0	9 200 000	Flyt	6 670 000	4,50	230 000
2236	30.05.2017	10,0	800 000	Flyt	320 000	4,50	40 000
2238	30.04.2014	15,0	3 000 000	Flyt	1 300 000	4,50	100 000
2248	09.03.2012	15,0	7 600 000	Flyt	2 280 070	4,50	253 330
2232	01.12.2021	18,5	24 000 000	Fast 10 år	23 351 351	2,23	648 649
2231	02.05.2022	18,5	30 000 000	Nibor+0,40	29 189 188	4,50	405 406
	01.01.2023	10,0	8 500 000	Nibor+0,40	8 500 000	4,50	212 500
	Sum		146 500 000		129 799 421	-	2 951 769
	TOT GJELD/ÅRSSUM				129 799 421		2 951 769

TERM	SUM RENTE	SUM AVDR.	REST 31/12-23	REST 31/12-24	AVDRAG 2024
/ÅR					
TERM	SUM RENTE	SUM AVDR.	31.12.2023	REST 31/12-24	AVDRAG 2024
4	2 311 299	2 956 096	48 775 616	45 819 520	2 956 096
4	283 305	1 291 440	5 165 660	3 874 220	1 291 440
2	294 975	460 000	6 210 000	5 750 000	460 000
2	13 500	80 000	240 000	160 000	80 000
2	56 250	200 000	1 100 000	900 000	200 000
2	96 903	506 660	1 773 410	1 266 750	506 660
2	513 503	1 297 298	22 054 053	20 756 755	1 297 298
4	1 304 392	1 621 624	27 567 564	27 689 188	810 812
4	377 719	850 000	7 650 000	7 000 000	425 000
	5 251 846	8 413 118	112 886 303	113 216 433	8 027 306
	5 251 846	8 413 118	112 886 303	113 216 433	8 027 306

REST 31/12-25	REST 31/12-26	REST 31/12-27	REST 31/12-28	REST 31/12-29
REST 31/12-25	REST 31/12-26	REST 31/12-27	REST 31/12-28	REST 31/12-29
42 863 424	39 907 328	36 951 232	33 995 136	31 039 040
2 582 780	1 291 340			
5 290 000	4 830 000	4 370 000	3 910 000	3 450 000
80 000	-	-80 000		
700 000	500 000	300 000	100 000	
760 090	253 430		-	
19 459 457	18 162 159	16 864 861	15 567 563	14 270 265
26 878 376	26 067 564	25 256 752	24 445 940	23 635 128
6 575 000	6 150 000	5 725 000	4 875 000	4 025 000
105 189 127	97 161 821	89 387 845	78 018 639	72 394 433
105 189 127	97 161 821	89 387 845	78 018 639	72 394 433